

ARBEIDSGRUPPE SFO –

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



2 Organisering og gjennomføring

Arbeidsgruppa har som oppdrag og sjå på bemanning, organisering og brukarbetaling i SFO.

Maria Bruleite Bjåen	Verksemdsleiar Øyffjell oppvekstsenter	Arbeidsgruppeleder
Aud Lillian Hustveit	Verksemdsleiar Rauland skule	Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppa hadde fyrste møte fredag 17.04. Andre møtet 29.04, eit tredje møte 05.06 i tillegg til felles workshops i oppvekst.

3.0 Utredning

Arbeidsgruppa har jobba med ulike tiltak og endringar knytt til SFO i Vinje kommune. Eit tiltak er å samle SFO ved Rauland skule til ei avdeling. Dette vil føre til mindre ressursbruk og lågare lønsutgifter.

Eit anna tiltak er å gjere endringar i dei lokale vedtektene. Vinje kommune har i dag gratis SFO for alle elevar i 1.-3.trinn medan lovpålagt gratis kjernetid er 12 timar per veke. Ved endring av dagens vedtekter vil ein få auka inntektene til SFO ved brukarbetaling utover 12 timar per veke for elevar i 1.-3.trinn.

Ved betaling i juleferie, påskeferie og sommarferie vil ein få ei meir realistisk påmelding til feriar, og få bemanna ut i frå eit faktisk antal elevar som møter. Det handlar og om å få til god bruk av ressursar på heile dagar med SFO.

Tiltaka knytt til 12 timar gratis kjernetid per veke, og betaling i feriar er endringar som gjerast gjennom revidering av kommunale vedtekter for SFO. Det vil føre til noko auka inntekter gjennom brukarbetaling, men og meir tydelege og klare vedtekter.

3.1 Beskrivelse tiltak

Arbeidsgruppa har vurdert 3 tiltak.

1. Samle SFO ved Rauland skule på ei avdeling. Dette vil spare inn i 90% fagarbeiderstilling.
2. Gratis kjernetid, 12 timar per veke, for 1.-3. klasse. Per i dag har Vinje kommune gratis SFO for alle i 1.-3.klasse. Lovpålagt er det 12 timar gratis kjernetid per veke. Dette bør og inngå i feriar.
3. Betaling i juleferie, påskeferie og sommarferie vil føre til ei meir realistisk påmelding i feriane. 1.-3.trinn har 12 timar gratis kjernetid per veke som bør trekkast i frå på faktura ut i frå påmelding. Pris per kjøpedag i vedtektene i dag er 253kr per dag + mat.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Tiltaket knytt til ei SFO-avdeling ved Rauland skule vil føre til lågare lønsutgifter. Antal tilsette ved SFO heng saman med antal elevar som er påmeldt og kor mange som nyttar tilbodet. Konsekvensen vil bli ei større barnegruppe samla. Samstundes heng dette saman med storleik på kull og kor mange som nyttar per skuleår.

Tiltak knytt til gratis kjernetid i SFO vil gi auka brukarbetaling om ein nyttar SFO utover 12 timar for elevar i 1.-3.trinn. Samstundes vil dette tiltaket kanskje føre til ei meir realistisk påmelding og tildeling av plassar. Ein opplever i Vinje kommune i dag at fleire har tildelt SFO plass, men at plassen ikkje blir nytta. Søkjartala vil mogeleg blir meir realistiske og ein får bemanna kvar SFO ut i frå eit meir reelt behov. Søkjartala ved dei ulike skulane vil variere frå år til år, så inntekta knytt til dette kan variere.

Ved betaling i juleferie, påskeferie og sommarferie vil ein få brukarbetaling i feriar. Kommunen er heller ikkje plikta til å ha SFO feriane, men før og etter skuletid (Opplæringslova § 4-5). Haustferie og vinterferie følgjer no vanleg tilbod for elevane jamfør vedtektene, og er noko arbeidsgruppa tenkjer bør vere slik. Føresette har og begrensa med ferie ein kan ta ut i løpet av eit år. I Vinje kommune ser ein likevel at juleferie og påskeferie har låg påmelding, og at i sommarferiar kan det vere påmeldingar, men færre som møter sjølv om påmeldinga er bindande. Ved betaling vil ein mogeleg få ei påmelding ut i frå faktisk behov og ein får ei realistisk bemanning på heile dagar med SFO. Her kan ein framleis ha 12 timar gratis kjernetid som blir trekt i frå på fakturagrunnlaget for elevar i 1.-3.trinn.

Tiltaka over som vil gi auka brukarbetaling kan føre til at færre nyttar SFO grunna auka kostandar for føresette. SFO skal vere ein stad der elevane skal få ei meiningsfull fritid med leik, fellesskap, trivsel og glede. SFO skal ivareta elevane sine behov for omsorg og tilsyn, og skape gode arenaer for utvikling, meistring og sosiale fellesskap (*Rammeplan for SFO*). Med endringane i tiltaka over ynskjer me ein føreseieleg SFO. Der påmeldingar og tildelte plassar gir eit godt grunnlag for oppmøte som fører til god ressursbruk, føreseielegheit for tilsette og for betre planlegging av aktivitetar.

3.3 Etc

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Ei SFO avdeling ved Rauland skule	Samle SFO på ei avdeling
2. Gratis kjernetid 1.-3.klasse	Gratis kjernetid, 12 timar per veke, for 1.-3.trinn
3. Betaling i juleferie, påskeferie, sommarferie	Betaling for påmeldte dagar i juleferie, påskeferie og sommarferie. Gratis kjernetid på 12 timar for 1.-3.trinn trekkjast i frå.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Ei SFO avdeling ved Rauland skule	450-500	450-500	Dette blir gjort frå oppstart nytt skuleår 2026/2027 - Vanskeleg å talfeste for åra framover, fordi ein ikkje veit kor mange som vil nytte SFO i åra framover. Blir det mange, må ein igjen auke ressurs knytt til SFO
2. Gratis kjernetid 1.-3.klasse	600	400	Endring i kommunale SFO-vedtekter - Noko vanskeleg å talfeste fram i tid, då antal som melder på og nyttar SFO varierer frå år til år - Utgangspunktet er tal for skuleåret 25/26 - Usikkerheit kring kor mange som melder på utover 12 timar om det blir ei vedtaksendring kring dette, då blir inntekt/besparelse noko heilt anna enn tala her
3. Betaling i juleferie, påskeferie, sommarferie	50-100	50-100	Endring i kommunale SFO-vedtekter - Her kan talgrunnlaget variere veldig frå ferie til ferie, år til år og SFO til SFO. - Kor mange som vil melde på og nytte ferietilbod ved ei endring er og vanskeleg å anslå

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Ei SFO avdeling ved Rauland skule	- Betre bruk av ressursar - Ein må framleis sjå på påmelding og antal tildelte plassar med tanke på bemanningsnorm, som lokalt er 11-13 born per vaksen
Gratis kjernetid 1.-3.klasse	- Me får inn brukarbetaling for elevar som nyttar SFO meir enn 12 timar i 1.-3.trinn - Auka brukarbetaling kan føre til ei meir realistisk påmelding og tildeling av plass. Ein får bemanna ut i frå faktisk antal elevar. - Ved gratis SFO-plass, slik det er i dag, ser ein at mange er påmeldt, men at langt i frå alle nyttar heile tilbodet/plassen - Kan blir færre som nyttar SFO ved brukarbetaling utover 12 timar, og som missar verdifull tid i eit sosialt fellesskap saman med andre jamnaldrande
Betaling i juleferie, påskeferie, sommarferie	- Auka inntekt gjennom brukarbetaling - SFO tilbod i feriane er ikkje lovpålagt - Fleire melder på utan å nytte tilbodet/plassen, og ved betaling tenkjer me at ein får ei meir realistisk feriepåmelding enn i dag. - Det blir ei auka utgift for føresette som kan føre til mindre bruk av SFO

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
Ei SFO avdeling ved Rauland skule	450-500	450-500	450-500	450-500
Gratis kjernetid 1.-3.klasse	600	400	400	400
Betaling i juleferie, påskeferie, sommarferie	50-100	50-100	50-100	50-100